




Retningslinjer for forskrift om midlertidig unntak for gjennomføring av trafikkopplæring og øvingskjøring

(ekstraordinære tiltak i forbindelse med koronavirus)



Retningslinjer til forskrift om midlertidig unntak for gjennomføring av trafikkopplæring og øvingskjøring (ekstraordinære tiltak i forbindelse med koronavirus) m.m.

Dei alternative måtane å gjennomføre trafikkopplæring på, som går fram av forskrift om midlertidige unntak for gjennomføring av trafikkopplæring og øvingskjøring (ekstraordinære tiltak i forbindelse med koronavirus) m.m., og tidlegare versjonar av desse retningslinjene, vart innført som følge av situasjonen i landet då forskrifta vart fastsett, og var tenkt å gjelde berre så lenge det var behov for spesielle tilpassingar.

Etter at det er opna att for å gjennomføre trafikkopplæring innanfor krava som er fastsett i covid-19-forskriften § 15a *Krav til smittevernfaglig forsvarlig drift ved kjøreskoler mv.*, kan trafikkopplæring gjennomførast som normalt, bortsett frå mindre tilpassingar etter gjeldande smittevernreglar.

Forskrift om midlertidig unntak for gjennomføring av trafikkopplæring og øvingskjøring (ekstraordinære tiltak i forbindelse med koronavirus), og med den desse retningslinjene, vil derfor bli oppheva 1. juli 2020.

Nettbasert opplæring etter unntaksforskrifta må vere avslutta innan 1. juli 2020.

Vi følgjer utviklinga nøye frå dag til dag og kan måtte koma tilbake med nye endringar seinare, avhengig av kva som er gjeldande smittevernreglar.

Fram til forskrifta blir oppheva gjeld følgjande:

Retningslinjene peikar på viktige utgangspunkt for trafikkopplæringa generelt, for obligatoriske delar spesielt, og gjev utfyllande føringar for visse tilpassingar som

- alternativ gjennomføring av delar av trafikalt grunnkurs ved trafikkskule og i offentleg skule
- unntak frå kravet om fullført trafikalt grunnkurs for å få rett til å øvingskøyre
- trafikkskuledrift når fagleg leiar er permittert eller i karantene

A. Generelt utgangspunkt for all føraropplæring

Trafikkopplæring skal skje i tråd med trafikkopplæringsforskriften, jf. for eksempel

§ 7-2 *Mål, undervisning og læreplaner, fyrste ledd:*

Undervisningen skal legges til rette for at eleven kan nå målene for opplæringen, slik de er fastsatt i denne forskriften.

Trafikkskulane står i stor grad fritt til å velja måtar å gjennomføre undervisninga på, så lenge dette er pedagogisk forsvarleg. Ved siste revisjon av føraropplæringa vart dette gjort tydelegare i

§ 7-1 sjetteste ledd:

Når det av pedagogiske eller praktiske grunner er hensiktsmessig for eleven, kan likevel deler av den ikke-obligatoriske opplæringen i neste trinn gjennomføres sammen med opplæringen i det trinnet eleven befinner seg på, før dette fullføres. Obligatorisk opplæring skal alltid gjennomføres i det trinnet den tilhører, når ikke annet er fastsatt for det enkelte kurset.

og § 7-2 andre ledd:

Innenfor hvert trinn og innenfor deler av kurs kan det arbeides med å nå flere mål samtidig eller i en annen rekkefølge enn den som fremgår av forskriften, dersom ikke annet er fastsatt spesielt for vedkommende trinn eller kurs.

Dette gjeld alltid, i alle førarkortklasser, uavhengig av unntakstilstanden no.

Vi viser også til den generelle delen i læreplanane og spesielle kommentarar til både trinn og kurs.

Det er difor i hovudsak ikkje noko i vegen for å ta i bruk eller utvide bruken av digitale læringsformer når det gjeld tilrettelegging for utvikling av kunnskapar, haldningar og motivasjon.

For *obligatoriske delar av føraropplæringa* er det likevel sett rammer som i stor grad regulerer måten undervisninga blir gjennomført på, meir om dette under B.

B. Obligatoriske delar av føraropplæringa

Dei obligatoriske delane av føraropplæringa er fyrst og fremst retta mot å leggje til rette for utvikling av haldningar og motivasjon. Læringsmåla er prosessmål, jf. *Generell del* i læreplanane. Målverba som er brukt, seier meir om kva elevane skal vera med på og ta del i, enn direkte kva dei skal sitja att med av kunnskapar og ferdigheiter når undervisninga er over. Eksempel på slike verb er *oppleve, erfare, vidareutvikle og drøfte*.

Saman med andre rammer som er fastsett for desse delane, legg måla føringar for måten undervisninga kan gjennomførast på. Slike føringar går til dels også fram av dei rettleiande kommentarane i læreplanane.

For trafikalt grunnkurs heiter det for eksempel:

«Læreren bør legge til rett for problemorientert undervisning.»

«Problemorienterte arbeidsmåter med gruppearbeid og dialog anbefales.»

«I klasserommet bør elevene sitte slik at alle ser hverandre, noe som gjør det lettere å kommunisere med hverandre.»

For å leggje til rette for at alle dels skal få «taletid», dels skal få tid til å vera aktive på andre måtar, er det både i trafikalt grunnkurs og i andre obligatoriske delar, sett grenser for kor mange elevar som kan vera til stades.

C. Generelle tilpassingar i obligatorisk opplæring

Det ligg til grunn for alle obligatoriske delar i opplæringa at elevane *normalt har fysisk frammøte*.

Vi finn likevel å kunne opne for *visse tilpassingar* slik situasjonen er no.

Tilpassingane går fyrst og fremst ut på å leggje til rette for å kunne gjennomføre undervisning i tema der målverbet er å *drøfte* eller liknande, m.a.o., det er ikkje krav om bestemt annan aktivitet.

Vilkåra for å kunne gjennomføre all slik tilpassa undervisning er at

1. elevar og lærar kan knytast saman med kamera og skjermar, i tillegg til mikrofon, slik at dei kan sjå kvarandre på same tid som dei har dialog. Det blir ikkje sett krav om at elevane skal kunne sjå kvarandre.
2. gruppene som får undervisning er mindre enn vanleg for å leggje til rette for tilstrekkeleg god dialog, og kompensere for moglege komplikasjonar, for eksempel i samband med å slå på og av mikrofonar m.m. og at elevane ikkje ser kvarandre.
3. tilsynet kan kople seg til elektronisk og følgje undervisninga, om dei vurderer behov for det, utan å møte fram fysisk. Trafikkskulane må informere tilsynet om gjennomføring av tilpassa undervisning, og om korleis tilsynet eventuelt kan kople seg til. Dette vilkåret gjeld ikkje for trafikalt grunnkurs i offentleg skule.

Desse tilpassingane gjeld fram til 15. juni 2020:

1. **Trafikalt grunnkurs del 1–4** kan gjennomførast som nettsamlingar med maksimalt 8 elevar pr. samling, jf. forskrifta § 2 fyrste ledd.

Fordeling av samlingar skal vera i tråd med trafikopplæringsforskriften § 8-1 sjetle ledd: «Øvrig undervisning, jf. § 8-3 andre ledd nr. 1–4, skal være på 10 timer og fordeles jevnt over minst 3 samlinger».

Dette vilkåret gjeld også for **trafikalt grunnkurs i offentleg skule** når kurset blir gjennomført relativt samla og på tilsvarande måte som trafikkskulane gjer det.

Når **trafikalt grunnkurs blir gjennomført som ein integrert del av valfaget trafikk**, gjeld ikkje vilkåret over. Skulen kan då eventuelt halde fram med valfaget slik skulen finn det forsvarleg, innanfor dei eventuelt tilpassa rammene skulen driv annan undervisning.

Trafikalt grunnkurs del 5–7 (del 5 *Plikter ved trafikkuhell og førstehjelp*, del 6 *Tiltak ved ulykke* og del 7 *Trafikant i mørket*) krev fysisk, sjå E. Gjennomføring av trafikalt grunnkurs del 5-7.

Bevis for gjennomført trafikalt grunnkurs og øvingskøyring

Etter at dei delane av trafikalt grunnkurs som desse retningslinjene opnar for å gjennomføre gjennom nettsamlingar, er fullført og innmeldt, kan det skrivast ut bevis for øvingskøyring som gjeld til og med 31. oktober. Dette gjeld sjølvstakt likt anten kurset er gjennomført ved trafikkskule eller som ein del av valfag trafikk i skulen, så sant del 1–4 er fullført, jf. forskrifta § 4.

2. **Grunnkurs klasse AM 146** kan gjennomførast som nettbaserte samling(ar) med maksimalt 8 elevar, jf. forskrifta § 2 andre ledd.
3. **Grunnkurs klasse A1, A2 og A** kan gjennomførast som nettbaserte samling(ar) med maksimalt 8 elevar, jf. forskrifta § 2 tredje ledd.
4. **Grunnkurs klasse S** kan gjennomførast som nettbaserte samling(ar) med maksimalt 8 elevar, jf. forskrifta § 2 fjerde ledd.
5. **Grunnkurs tunge kjøretøy 1.2–1.6** kan gjennomførast som nettbaserte samling(ar) med maksimalt 8 elevar, jf. forskrifta § 2 femte ledd.

6. **Sikkerhetskurs på bane – klasse B og sikkerhetskurs på bane – klassene C, CE og D** kan gjennomførast utan at alle lærarane er med på innleiing og avslutning, jf. forskrifta § 3.

Normalt skal alle lærarane vere til stades ved innleiing og avslutning av banekursa, slik at individuelle forventningar, mål m.m. som elevane gjev uttrykk for, kan følgjast opp best mogleg. I somme tilfelle kan det føre til at det blir relativt mange personer i undervisningsrom med avgrensa plass. Så lenge unntaksforskrifta er i kraft, er det framleis ønskjeleg at så mange av lærarane som mogleg er med på desse delane av undervisninga, men dei treng ikkje det dersom dette gjev utfordringar med tanke på smittevern.

D. Fagleg leiar

Det er alltid fagleg leiar, og eventuell fagleg medansvarleg, som har ansvaret for at den undervisninga trafikkskulen gjev er forsvarleg, både pedagogisk og på annan måte.

Ein trafikkskule kan difor ikkje drive opplæring, heller ikkje for moped, motorsykel og snøskuter, dersom fagleg leiar, og eventuell fagleg ansvarleg, er 100 % permittert. Fagleg leiar, og eventuell fagleg medansvarleg, må sjølv vurdere kor mykje tid og ressursar han/ho treng for å utføre pliktene knytt til ulike slag opplæring trafikkskulen driv med, og skulen må tilpasse opplæringa si etter dette.

Om fagleg leiar, og eventuell fagleg medansvarleg, er i karantene i samband med koronasmitte, er ikkje det til hinder for at trafikkskulane kan drive opplæring.

E. Gjennomføring av trafikalt grunnkurs del 5-7

Etter at det er opna att for å gjennomføre trafikkopplæring innanfor krava som er fastsett i covid-19-forskriften § 15a *Krav til smittevernfaglig forsvarlig drift ved kjøreskoler mv.*, kan trafikalt grunnkurs del 5, 6 og 7 gjennomførast som vanleg bortsett frå mindre tilpassingar etter gjeldande smittevernreglar.

F. Vilkår for å gå opp til førarprøve

Den som skal gå opp til førarprøve, må ha gjennomført heile trafikalt grunnkurs, jf. også trafikkopplæringsforskriften § 2-1 andre ledd og § 29-2 fyrste ledd.

G. Gjennomføring av kurs i ulykkesberedskap

Etter at det er opna att for å gjennomføre trafikkopplæring innanfor krava som er fastsett i covid-19-forskriften § 15a *Krav til smittevernfaglig forsvarlig drift ved kjøreskoler mv.*, kan kurs i ulykkesberedskap gjennomførast som vanleg bortsett frå mindre tilpassingar etter gjeldande smittevernreglar. Som mindre tilpassingar blir også rekna å oppfylle måla som er fastsett i § 25-2 *Kursmål for ulykkesberedskap* andre ledd nr. 2 om demonstrasjon og praktisk øving, ved hjelp av film, bilde og refleksjonsamtalar så lenge smittevernreglane har krav til avstand mellom personar som gjer dette nødvendig.



Statens vegvesen
Pb. 1010 Nordre Ål
2605 Lillehammer

Tlf: (+47)22073000
firmapost@vegvesen.no

vegvesen.no

Trygt fram sammen